

## Stort salg av Tysse tilhengarar.

06.04.2016



I føremiddag kom ei ny last med biltilhengarar til Kvinnherad Auto

Det er ikkje berre fotballen som har sesongstart i desse tider. I dag rulla ein trailer godt lasta med tilhengarar både for båt og anna inn hos Kvinnherad Auto og Sigurd Myklebust ved Samyrkjelagsbygget sentralt i Uskedalen. Sigurd kan melda om svært godt salg av dei populære tilhengarane.



Før hengarane landa på oppstillingsplassen vart det monterte hjul på dei.

Sigurd Myklebust har no passert 75 år, men likevel står han på både seint og tidleg. Gjennom Kvinnherad Auto driv han Viking redningsteneste, og der har nett bak seg ein travel periode. Til dette har han rett nok god hjelp av Roald Eik. I tillegg har han eit tisifra antal leigebilar, men dei ser vi ikkje mykje til, for dei er stort sett ute på vegane heile tida.

No startar også salget av biltilhengarar. Tysse hengarane som vert produsert i Tyssebotn på Osterøy er svært populære. I dag vart det levert ei trailerlast med 11 tilhengarar levert. Dei fleste av desse var til transport av båt. Det var System Trafikk som leverte lasta, og dei har fast transport for Tysse-fabrikken.

I dag står det 14 tilhengarar av ulike variantar på oppstillingsplassen til Kvinnherad Auto. Dette talet vil fort minka. Sigurd Myklebust kan fortelja at nokre av dei alt er selde, og første hengar vert henta alt i morgon. Han er svært fornøgd med både interessa og salget. Truleg er det ikkje lenge før System Trafikk må koma med ei ny trailerlast, tenkjer eg?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland